



Høgskulen
på Vestlandet

Samtidsdagane 2021

Samhandling i ei endra verd



Måndag 11. og tysdag 12. januar 2021

Kjære alle saman!



Det er ei sann glede for meg å vera på Stord og opna Samtidsdagane 2021. Eg er rektor for ein høgskule med høge ambisjonar for utdanning, forskning og formidling. Me gjer ein skilnad regionalt, nasjonalt og internasjonalt. Vår visjon er sterk og kjernesunn: «Kunnskap som bygger menneske og samfunn». Me er i god gang med å bygga det nye universitetet. Programmet for Samtidsdagane 2021 er veldig inspirerende i kraft av aktualitet og relevans, og i kraft av menneske som vil formidla eit spekter av kunnskapar og innsikter.

Her er vitskapleg kunnskap opparbeida etter langvarige, systematiske studiar, her er erfaringar frå arbeids- og samfunnsliv, og her er innsikter som livet sjølv kan gi til einskildmenneske i vanskelege livssituasjonar. Men her er også kunsten og kunstnaren som på sitt beste kan gi oss innsikter, opplevingar og gjenkjenningar med djupne og presisjon me ikkje visste om.

Samtidsdagane 2021 gjer ei fin kopling mellom historie og samtid, mellom hard røynsle og dagen i dag. Men det er me som tilhøyrarar og publikum som bestemmer kor fruktbar denne koplinga skal verta. Om me lyttar nøye kan kvar og ein av oss plukka opp lærdommar for våre eigne liv, for våre eigne tankar, ord og gjerningar. Koplinga mellom historie og samtid er det eg og du som gjer, her og no, og i kvar av dagane som kjem. Den fruktbare koplinga er at kvar av og ein av oss gjer ein skilnad i forminga av framtida. Eller som me i Høgskulen på Vestlandet er glade for å fortelja til våre kjære studentar: Framtida har ein plass til deg!

Lukka til med Samtidsdagane 2021!

Helsing frå
Gunnar Ytri

Rektor Høgskulen på Vestlandet



Helsing frå ordføraren

Samtidsdagane på Høgskulen på Vestlandet – Campus Stord er ein viktig møtestad og eit fast høgdepunkt kvar vinter i Stord og regionen rundt oss. Arrangementet har hatt fin utvikling sidan oppstarten i 2009. Kvart år har ein greidd å treffa både med val av tema og med å sy saman eit sterkt program med fleire av dei fremste stemmene i samfunnsdebatten. Dermed samlar Samtidsdagane ikkje berre studentar på HVL, men også elevar frå andre skular, ulike yrkesgrupper og samfunnsinteresserte innbyggjarar i regionen vår.

Eg er glad HVL, trass i koronasituasjonen, har valt å gjennomføra Samtidsdagane også i 2021. Jamvel om årets arrangement naudsynleg er noko nedskalert samanlikna med tidlegare utgåver, kan me også i år sjå

fram til eit spennande og relevant program med tidsaktuelle tema og sterke stemmer. Dei fire hovudtema i år er: 1) Samfunnet si handtering av korona, 2) pårønderolla, 3) 22. juli – ti år etter, og 4) korleis me rustar born og unge til det som er vanskeleg. Programmet skulle såleis vera relevant både for HVL-studentar og dei som allereie jobbar med born og unge og i helse tenestene våre – samt for samfunnsinteresserte innbyggjarar flest.

Eg vil nytta høvet til å takka så mykje for at de år etter år arrangerer Samtidsdagane, og ynskja lykke til med årets utgåve!

Beste helsing
Gaute S. Epland
Ordførar Stord kommune

Program måndag 11. januar

Tid	Kva
09.00	Opning – Velkomen frå Gunnar Yttri, rektor ved HVL
	Tema: Samfunnets handtering av koronautbrotet – kva følgjer har epidemiar som denne?
09.10	Innleiing ordstyrar - Leif Steinar Alfsvåg
09.15	Geir Sverre Braut: «Uvisse i tryggleikens tidsalder»
09.45	PAUSE
10.00	Ole Georg Moseng: «Pest som globalt og tidlaust fenomen»
10.30	Panelsamtale Braut, Moseng og Swensen
10.45	LUNSPAUSE
	Tema: Pårørande – kjærleiken, ansvaret, pliktene og hjelpa
12.15	Innleiing ordstyrar - Katrine Sele
12.20	Olaug Nilssen og Sandra Lillebø, forfattarsamtale Nilssens siste bok <i>Yt etter evne</i> , få etter behov (2020), handlar om dei pårørande til ein gut med sterk autisme. Lillebø, har nyleg gjeve ut si debutbok <i>Tingenes tilstand</i> (2020), om det å ha ei psykisk sjuk mor som ho til slutt vel å bryte med. Korleis er det å leve i slike situasjonar, og tore å snakke ut om det?
13.00	PAUSE


Tid	Kva
13.15	<p>Samtale med: Ellen Svendsbø; om kva som gjer at dei pårørande til personar med Alzheimers og demens held ut, og at det er viktig å skilje mellom pårørande til ulike diagnoser.</p> <p>Olaug Nilssen Om å vere pårørande til ein gut med autisme, kampen for hans fritidstilbod, allianse med andre pårørande</p>
14.00	SLUTT



Geir Sverre Braut

Spesialist i samfunnsmedisin og professor ved HVL

Braut underviser i ei rekkje ulike emne innan samfunns-, helse- og omsorgsfaga ved HVL, og har nyleg vore medforfattar på ei lærebok: «[Det norske helsesystemet – Ei innføring i organisering, styring og politikk](#)»; om korleis helsesystemet vårt er organisert og kva problemstillingar som kjem til å utfordre det i åra framover. Boka tar også opp oppdaterte problemstillingar rundt pandemien og smittevern. Braut er òg medlem av Bioteknologirådet, òg fekk utmerkinga Årets nynorskbruker i 2020. Han er medlem av Koronakommisjonen, som skal levere sin rapport med lærdomar frå korona-utbrotet i Noreg til våren.



Ole Georg Moseng

Professor i historie ved Universitetet i Sør-Øst Noreg

Historikar med særleg kompetanse på medisin- og helsehistorie. Han har skrivne ei rekkje bøker om fortidas epidemiar og i fjor haust kom han med boka «[Pesten kommer – Svartedauden og verdens pest-epidemier](#)». Moseng har vore knytta til Norsk Sykepleierforbund gjennom ulike av deira konferansar og foredrag, og han skreiv bind 1 av deira historie: «Framvekst og Profesjonalisering». Han er professor ved Universitetet i Sør-Øst Noreg og underviser i medisin- og helsehistorie, og tidleg moderne historie.



Olaug Nilssen

Forfattar, dramatikar og pårørande til ein gut med autisme

Aktuell med boka «[Yt etter evne, få etter behov](#)», som handlar om ein familie som har så store behov for hjelp at han nesten blir sliten sund. Nilssen skriv alvorleg og humoristisk om tre systre og ei mor som blir rivne mellom ansvar, plikter, om å yte og å få. VG skreiv i omtala av boka at «her er så inngåande beskrivingar og bevegande scener som berre ei mor med inngåande erfaring med krevjande barn kan gi.» Boka kom i fjor, og gav Nilssen ein Brageprisnominasjon. Ho har tidlegare vorte tildelt same prisen for boka «[Tung tids tale](#)», som òg handlar om hennar liv med eit sterkt funksjonsnedsett barn.



Sandra Lillebø

Forfattar og pårørande til ei mor med psykisk sjukdom

Lillebø er aktuell med sin sjølvbiografiske debutroman «[Tingenes tilstand](#)», som kom ut i fjor haust. Boka handlar om det kompliserte forholdet mellom ei dotter og hennar mor som lider av schizofreni. Moras helse har mellom anna gjort at ho som barn grubla mykje over at mora ikkje var som andre mødrer, og frykta for at ho sjølv kunne bli som sine alvorleg sjuke formødrer. Dottera har gått til steget å bryte kontakten med mora fordi det går for mykje utover hennar eiga helse, og hennar liv som småbarnsmamma.



Ellen Svendsbø

Forskar ved HVL i helse- og sosialfag

Underviser ved HVL i helse- og sosialfag, og har skrive [doktorgrad om opplevingane og utfordringane til pårørande til personer med demens og Alzheimers](#). Ho har forska særleg på korleis dei håndterer situasjonen som pårørande i forskinga si. Svendsbø er sjølv pårørande til fleire nære med demens og Alzheimers. Som både forskar og pårørande er ho ein etterspurd foredrags- og kurshaldar over heile landet, for å rettleie og dele av funnene sine frå studien, i det å vere pårørande til pasientar med desse diagnosane.



Leif Steinar Alfsvåg

Ordstyrar

Leiar for fagseksjonen for bachelor i sjukepleie på campus Stord. Leif Steinar har spesialutdanning innan smittevern frå Folkehelseinstituttet, og har erfaring som hygieenesjukepleiar frå Helse Fonna. Han har bidrege til Samtidsdagane i fleire år, til programmet og som ordstyrar.



Katrine Sele

Ordstyrar

Tilsett ved HVL som kommunikasjonsrådgjevar ved campus Førde. Katrine har leia fleire forfattarsamtalar tidlegare, både på Samtidsdagane og ved andre arrangement. Ho er sjølv òg forfattar, og i fjor vart ho tildelt Samlagsprisen for forfattarskapen sin.



Program tysdag 12. januar

Tid	Kva
09.00	Opning ved Liv Reidun Grimstvedt, prorektor ved HVL
	Tema: Ti år sidan 22. Juli. Kva spor har hendingane 22.07.11 sett, og korleis skal me handtera dette i dag?
09.10	Innleiing ordstyrar, Hege Myklebust
09.15	Emilie Bersaas: Kva skjedde 22. juli 2011
09.30	Samtale med Emilie Bersaas og Edwin Nordström
09.45	PAUSE
10.00	Edwin Nordström: Om sorg og sorgbearbeiding hos pårørande som mista barna sine på Utøya
10.30	Synne Michalsen Steen & Ida Sofie Bakken presenterer si FoU-oppgåve om utfordringane med å innføre 22. juli som første og einaste enkelthending i læreplanen.
10.45	PAUSE
11.00	Adel Khan Farooq: Om radikalisering av ungdom i Noreg gjennom hans film- og bokverk
11.30	LUNSPAUSE

Tid	Kva
	<p>Tema: Korleis snakke med barn og ungdom om vanskelege ting. Og korleis rustar me dei unge til å meistre livet? Kan nokre ting bli snakka for mye om?</p>
13.00	Innleiing ordstyrar, Berit Bereksten
13.05	<p>Frank Sivertsen: «Korleis snakke med barn og unge om terror og vanskelege hendingar?»</p>
13.45	PAUSE
14.00	Innleiing ordstyrar
14.05	<p>Samtale Elisabeth Bakke, Ole Jacob Madsen: «Korleis skal me ruste dei unge til å meistre livet?»</p>
14.25	Samtale framhald: med Marthe Mathea Tyse
14.45	SLUTT



Emilie Bersaas

Tidlegare AUF-nestleiar og overlevande frå terroren på Utøya

Ho var 19 år då ho gøymde seg for terroristen på Utøya 22. juli 2011. Sidan då har det blitt stadig viktigare for Bersaas å snakke om det som skjedde, for at ein ikkje skal gløyme dei som døydde og av kva grunn dei vart drepne. Ho er òg oppteken av at terroristen sine meiningar og verdiar finst der ute framleis, og at ein ikkje må avfeie angrepet berre som ein gal manns handlingar. Den tidlegare lokalpolitikaren og nestleiar i AUF flytta tilbake til Haugesund i fjor.



Edwin Nordström

Psykolog og forskar ved DPS Stord

Sorgforskar ved Senter for krisepsykologi. Han held på å skrive doktorgrad om forlenga sorg og posttraumatisk stress ved å undersøke korleis det går med familie til dei som døydde på Utøya. Nordström har òg forska på tema som innvandring og helse.



Ida Sofie Bakken og Synne Michalsen Steen

Studentar

Tredjeårsstudentar ved lærarutdanninga på Stord. Då dei tok samfunnsfag valde dei å undersøke problemstillingar rundt det at terrorhendingane 22. juli skulle innførast som første og einaste enkelthending på læreplanen. Studentane planlegg å fullføre lærarutdanninga på HVL og så søkje seg jobber som lærarar.



Adel Khan Farooq

Filmskapar, forfattar og miljøarbeidar

Aktuell med spelefilm om ein norsk tenåringsgut som hamnar i eit høgrekstremit miljø. Både som filmskapar, forfattar og journalist, har Farooq vore oppteken av tema kring ungdom og utanforskap, framandgjering og radikaliserings. I 2016 gav han ut boka «[Mine brødre](#)» om ein norsk-pakistansk gut som utviklar seg til å bli ein radikal islamist. Han har òg laga dokumentarfilm om temaet. Farooq jobbar i tillegg som miljøarbeidar og driv ein film- og skriveverkstad for ungdom i ein av bydelane utanfor Oslo.



Frank Sivertsen

Sjef for NRK Supernytt

Som leiar for NRK sine populære nyhetssendingar for barn: Supernytt, må Sivertsen ofte stille seg spørsmålet om korleis ein snakkar til barn og unge om vanskelege ting. Korleis formidlar dei til dømes nyheiter om terror og andre vanskelege tema til barna utan å skremme dei meir?



Ole Jacob Madsen

Professor i psykologi ved Universitetet i Oslo

Har vore ei kritisk stemme til det nye Tverrfaglege temaet Livsmestring og folkehelse som kom inn i læreplanen i fjor. I den nye boka «[Livsmestring på timeplanen](#)» stiller Madsen spørsmål til om livsmestring som tema i skulen faktisk bidrar til å løyse dei utfordringane som barn og unge slit med. Kan det berre gje dei enda eit fag dei skal mestre? Madsen har tidlegare skrive om presset barn og unge har på seg for å prestere optimalt på mange ulike arenaar, og kva det presset fører til i form av psykiske helseplagar, i boka «[Generasjon prestasjon](#)».

Elisabeth Bakke

Sosiolog og høgskulelektor i utdanningsleiing ved HVL

Sosiolog med brei tverrfagleg erfaring med utvikling av tenester for barn og unge, i samarbeid med skule og hjelpeapparat. Arbeidet hennar har dreid seg om «laget rundt barnet» og «laget rundt skulen», i problemstillingar kring skulefråfall, kvardagsmeistring og motivasjon. Til vanleg underviser ho mellom anna i masterstudiet i organisasjon og leiing ved HVL. Ho er òg med på å utvikle to heilt nye utdannings-tilbod folkehelse og livsmeistring som startar opp ved HVL hausten 2021. Bakke har ei kritisk tilnærming til livsmeistring og skulefråfall i forskinga si. Ho ynskjer å flytte fokus vekk frå eit individperspektiv med fokus på elevane si psykiske uhelse, til eit systemperspektiv med fokus på skulefaktorar og framandgjeringsprosessar.



Marthe Mathea Tyse

Barnehagelærerstudent ved HVL Stord

Studerer til å bli barnehagelærer på andre året. 29-åringen er engasjert i mange verv og delar av høgskulen, mellom anna som leiar for fadderstyret ved campus Stord og studentrepresentant i fakultetsrådet for lærarutdanning, kultur og idrett. Ho jobbar òg som studentambassadør for HVL. Med alle hennar verv og engasjement, fulltidsstudium, deltidsjobb på sida, og ikkje minst fritidssyslar: Korleis ser ho på seg sjølv som ungdom av *Generasjon prestasjon*?



Hege Myklebust

Ordstyrar

Førsteamanuensis ved lærarutdanninga på campus Stord. Hege underviser og forskar innan norsk språk og språkdidaktikk. I år har ho site i programkomiteén for Samtidsdagane, og har lang fartstid både i programarbeid og som ordstyrar på arrangementet. Ho er òg sterkt engasjert i den årlege nynorske barnebokfestivalen *Falturiltu*.



Berit Bareksten

Ordstyrar

Rådgjevar ved fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett ved campus Bergen. Berit er sosiolog og har lang undervisningserfaring frå HVL. Ho har jobba mykje med litteraturformidling og kreativ skrivning, og sit i formidlingsutvalet til biblioteket på HVL. Berit har òg leia samtalar på Samtidsdagane tidlegare.

Samtidsdagane 2009-2020

For trettande året på rad inviterer Høgskulen på Vestlandet og gode samarbeidspartnarar til Samtidsdagane på Høgskulen på Vestlandet. I to dagar løfter vi fram aktuelle tema i den norske samfunnsdebatten.

Samtidsdagane har hatt spennande tema og forelesarar i tretten år:

- 2020:** Psykisk helse og berekraftig utvikling
Margrethe Olin, Peder Kjøs, Thorvald Steen, Sigrí Sandberg, Siri Helle, Frode Thuen Ellen Kristvik, Liv Kari Eskeland
- 2019:** Oppvekst, omsorgssvikt og psykisk helse, og mangfald, integrering og det fleirkulturelle Noreg
Kai Eide, Vigdis Hjorth, Niels Christian Geelmuyden, John Peder Egenæs, Camara Lundestad Joof, Svein Egil Omdal, Ivo de Figueiredo
- 2018:** Psykisk helse og internasjonalisering
Olaug Nilssen, Gro Dahle, Anne Bitsch, Sigurd Falkenberg Mikkelsen, Cathrine Moe Thorleifsson, Anne Birgitta Nilsen, Nina Brochmann og Anders Totland.
- 2017:** Omsorgssvikt og en verden i endring
Hilde Frafjord Johnson, Åsne Seierstad, Thomas Ergo, Helga Flatland, Anders Torp
- 2016:** Vold i nære relasjonar og migrasjon
Inga Marte Thorkildsen, Helene Uri, Hege Moe Eriksen, Frøy Gudbradsen, Stein Inge Jørgesen
- 2015:** Folk på flukt
Marte Michelet, Hege Moe Eriksen, Simon Stranger, Jon Gangdal, Oda Faremo Lindholm
- 2014:** Borgerkrigen i Syria - en geopolitisk krise?
Robert Mood, Guri Hjeltnes, Bernt Hagtvedt, Anne Sender, Yousef Assidiq
- 2013:** Ekstremisme på fremmarsj - Mangfold, respekt og verdighet
Sturla J. Stålsett, Margareth Olin, Øyvind Strømmen
- 2012:** Afrikas Horn og Den arabiske vår
Kai Eide, Leni Stenseth, Norsk folkehjelp, John Peder Egenæs
- 2011:** Utviklingen i Afghanistan og Det moderne Kina
Bård Vegar Solhjell, Philip Lote
- 2010:** Midtøsten og Det flerkulturelle Norge
Erik Fosse, Atle Sommerfeldt
- 2009:** Valget i USA og utviklingen i Kongo
Ole Moen, Anders Magnus



@hvl.no



@hvl.no



youtube/hvl

hvl.no/samtidsdagene